



## Notat

Dato: 15.11.2021  
Saksbehandlar: torkli

---

**Til:** Styringsgruppa for Miljøløftet

---

**Frå:** Vestland fylkeskommune v/Håkon Rasmussen

---

## Finansiering av Bybanen BT4, status sluttprognose

### Bakgrunn

Byvekstavtalen (2017-2023) mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Staten fastslår at «Staten dekker 50 prosent av kostnaden til Bybanen til Fyllingsdalen slik prosjektet er avgrenset i denne avtalen. Statens halvdel utgjør per dags dato 3,1 mrd. (2016-kr) Statens endelige bidrag blir fastsatt av Stortinget i den ordinære budsjettprosessen på bakgrunn av gjennomført KS2 og endelig finansieringsplan.»

Bybanen BT4 omfattar fleire prosjekt som er finansiert gjennom Miljøløftet innanfor ei totalramme: Sjølve Bybanen, Stamsykkelveg, diverse arbeid for Park/VA i Bergen kommune og ein del sykkelveg langs fylkesveg. I arbeidet med finansieringa av Byggetrinn 4 vart nokre element teke inn, nokre vart kutta og nokre vart flytta mellom dei einskilde prosjekta. I ettertid har det oppstått uklårheit med omsyn til kva den faktiske P50 ramma for Byggetrinn 4 som heilheit er, kva den er for den delen av prosjektet som er finansiert med 50/50 midlar (Stat/Bompengar) og kva den er for Stamsykkelvegen. Det har difor vore gjort eit stykke arbeid internt i fylkeskommunen med å avklåre dette.

Vi rapporterer med dette status og sluttprognose i Bybaneprosjektet, med dei ulike delane. Rapporten er sentral for vidare porteføljestyring i Miljøløftet, både på bruk av midlar på 50/50 og på sykkelveg.

### Finansieringsplan og styringsramme P50

KS2 konkluderte med følgjande kostnadsfordeling, P50 og P85 (2017-kr), på tiltaka som inngår i den samla prosjektporteføljen:

Tiltak	Finansieringskilde
a) Opparbeidelse av tilliggende områder til bybanetraseen	Deling mellom Bergen kommune/lokale parter og Bybanen gjennom byvekstavtalen
b) Stamveg sykkel	Programområde riksveg – staten v/SVV
c) Program gang- og sykkelveger	Hordaland fylkeskommune gjennom Byvekstavtalen
d) Gang- og sykkelveger tilhørende bybaneprosjektet	Bybanen gjennom Byvekstavtalen
e) Gang- og sykkelveg gjennom Løvsstakken	Bybanen gjennom Byvekstavtalen
f) Øvrige investeringer Bybanen	Bybanen gjennom Byvekstavtalen

Kostnader i 1 000 kroner	Revidert Grunnkalkyle KS2, prisnivå okt.2017	Forventet tillegg	P50	Usikker- hets- avsetning	P85
Park og VA – Bergen kommune	112 243	13 785	126 028	16 771	142 779
Gang- og sykkelveg, programområde FV	210 881	25 898	236 779	31 509	268 288
Stamveg sykkel, programområde RV	750 673	92 190	842 864	112 162	955 025
Bybanen gjennom Byvekstavtalen	5 696 625	699 605	6 396 230	851 159	7 247 389
<b>Samlede kostnader</b>	<b>6 770 422</b>	<b>831 478</b>	<b>7 601 900</b>	<b>1 011 600</b>	<b>8 613 500</b>
<b>Finansiering i mill. kroner *:</b>					
Park og VA – Bergen kommune			126	17	143
Gang- og sykkelveg, programområde FV			237	32	268
Stamveg sykkel, programområde RV			843	112	955
Statens bevilgning til Bybanen			3 198	0	3 198
Bompenger m.m.			3 198	851	4 049
<b>Sum finansiering</b>			<b>7 602</b>	<b>1 012</b>	<b>8 614</b>
<i>Herav statens samlede bidrag</i>			<i>4 041</i>	<i>112</i>	<i>4 153</i>

\* Eventuelle tilsynelatende feil i summeringer skyldes avrunding.

Det vart i etterkant av KS2 oppdaga ein feilføring i kostnadsramma som vart lagt til grunn i KS2-rapporten. Dette vart det korrigert for i finansieringsplanen og fordelinga så dermed slik ut (2017-kr):

Kostnadselement	P50	P85
Park og Va-Bergen kommune	126	143
Gang- og sykkelveg, programområde FV	237	269
Stamveg sykkel, programområde RV	712	807
Bybanen statens 50% andel	3 264	3 264
Bybanen, lokal 50% andel	3 264	4 132
<b>Sum finansiering</b>	<b>7 602</b>	<b>8 614</b>

(Det ligg inne ein summeringsfeil i tabellen, pga avrunding i desimaler i bakgrunnstala)

Den endelege finansieringsplanen vart lagt fram og godkjent av styringsgruppa i Miljøløftet i møte 5/2018 den 6.april, sak 32/18.

Finansieringsplanen konkluderte med at P50 for Bybanen aleine vart 6528 mill. (2017-kr) og staten sin andel inntil 3264 mill. 17-kr. Dette vart lagt til grunn i Prop.1S (2018-2019) for budsjettåret 2019, der staten sin andel vart fastsett til inntil 3329 mill. -2018-kr. og tilsvarande styringsramme P50 6658 mill. (2018-kr).

Justert til 2021-kroner vert P50 for Bybanen aleine 7253 mill.

## Post B8 lausmassekulvert

Eit av delprosjekta i BT4 er omtala som post B8 løsmassekulvert. Det har vore knytt fleire tolkingar til kva dette delprosjektet omfattar, og kva finansieringskjelde det har. I KS2-rapporten vart prosjektet overført frå sykkelstamvegen (som har statleg finansiering) til Bybanen (som har 50/50 statleg og bompengefinansiering). Ein har over tid oppfatta denne overføringa som krevjande, ettersom ein har trudd at prosjektet omfatta ein kulvert knytt til anten uttrekksporet til Bane Nor eller sykkelstamvegen. Det riktige er at det omfattar Bybanen sin kulvert ved Fløen. Det var dermed rett at prosjektet vart lagt til Bybanen i KS2.

## Feilført meirverdiavgift

I Prop. 23 S (2019-2020) fekk E39 Kristianborg-Bergen sentrum fylgjande rammer:

- Styringsramme: 843 mill. 2017-kr.
- Kostnadsramme: 955 mill. 2017-kr.

Dette er i samsvar med KS2. Endringa i sak 32/18 er ikkje teke omsyn til.

Ved utarbeiding av Miljøløftet sitt Handlingsprogram for 2020- 2023 og innspel til statsbudsjettet for 2020, kom det fram at Bybanen utbygging hadde utelatt meirverdiavgift då dei melde inn kostnader for sykkelstamvegen. Det vart difor gjort eit påslag for mva på 21 %. Dette vart forankra i styringsgruppa for Miljøløftet og innarbeida i handlingsprogrammet for 2020- 2023. Totalsummen for stamsykkelvegen vart då korrigert frå 711,9 mill til 861,4 mill. (2017-kr.)

Justert til 2021-kroner vert **totalsummen for stamsykkelvegen (inkl mva) 957 071 mill.**

Endringane knytt til sykkelstamvegen vart også forankra i interne rapporterings- og budsjettprosessar i Statens vegvesen.

Dersom prognose for sluttkostnad er høgare enn kostnadsramma skal auken handsamast i Stortinget.

## Overskriding på stamsykkelvegen, men ikkje på totalprognosen

På bakgrunn av punkta over har det vore arbeida vidare med å sjå på sluttprognosane for høvesvis totalprosjektet, Bybanen og Stamsykkelvegen for å synleggjera kvar det eventuelt finst avvik eller overskridingar i høve til P50.

Tabellen nedanfor syner forbruk og prognose på prosjekta, vist i høvesvis 2017-kroner og 2021-kroner:

	2017-kroner		2021-kroner	
	Bybanen	Sykelstamveg (inkl mva)	Bybanen	Sykelstamveg (inkl mva)
P 50	6 528 000	861 399	7 253 041	957 071
Forbruk (pr 31.08.21)	4 420 281	520 267	4 898 675	578 051
prognose	6 316 858	949 272	7 018 448	1 054 704
Diff P50/Prognose	211 142	-87 873	234 593	-97 633

Tabellen syner at totalprosjektet ligg innanfor P50-ramma med 93 mill. og Bybanen ligg innanfor P50-ramma med 211 mill.

Sykelstamvegen ligg an til ei overskriding på over 97 mill. inkl mva. Dette skuldast i hovudsak at kontrakten for Kronstadtunellen vart vesentleg dyrare enn forventa.

**Oppsummering:**

Bybane-prosjektet, finansiert 50/50 med statlege midlar og bompengar, er framleis innanfor P50-ramma, med ein sluttprognose på 7018 mill. 2021-kr. (P50 = 7253 mill.)

Delprosjekt sykkelstamveg, finansiert av statlege post 30 midlar, har ei forventta overskriding på 97 mill. 2021-kr. Delprosjektet er ikkje ein del av 50/50 ordninga for Bybaneprojektet, og påverkar difor ikkje sluttprognosen for Bybanen. Overskridinga på sykkelstamvegprosjektet vil kunne ha konsekvensar for framtidige prosjekt finansiert gjennom post 30-ordninga i Bergen. Dette må ein koma attende til gjennom den ordinære porteføljestyringa i samband med handlingsprogrammet for 2023-2026.